



HARDANGERRÅDET IKS  
Postboks 78  
5782 KINSARVIK

Dato: 05.04.2017  
Vår ref.: 2017/2736-9  
Saksbehandlar: hanglop1  
Dykkar ref.:

## Etablerarfond for Hardanger - Tildelingsbrev 2017 – Tilskot inntil kr 584 000,- (Tilsegn-033-2017)

Hordaland fylkeskommune har glede av å tildele Hardangerrådet IKS 584 000 kroner til Etablerarfond for Hardanger for 2017. Bakgrunnen for tildelinga er fylkesutvalet sitt vedtak i sak 44/2017 den 22. februar 2017 der det vart oppretta ei ordning med tre regionale etablerarfond. Den totale ramma for fonda er på 4 000 000 kroner for 2017, og fordelinga mellom regionane er som følgjer:

Region	Kommunar	Sum
Etablerarfond for Sunnhordland	Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes	792 000
Etablerarfond for Hardanger	Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik	584 000
Etablerarfond for Bergensregionen	Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Fusa, Gulen, Masfjorden, Lindås, Meland, Modalen, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Sund, Vaksdal, Voss og Øygarden.	2 624 000

Det regionale etablerarfondet skal nyttast som eit målretta tilskot på inntil 50.000 kroner til ny-etablerte verksemder. Tilskota skal vera i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer, og målsetjinga er å få til ei offensiv satsing på nye gründerverksemder. Etablerarfondet er fordelt slik at kvar region deler ei basisløyving på 1 360 000 kroner (34 %), og dei resterande 2 640 000 kroner (64 %) vert fordelt med utgangspunkt i folketalet i regionane.

Tilskotet blir utbetalt til **Hardangerrådet IKS sin bankkonto 3530.27.85110** med heile summen no. Dersom vilkåra i tilsegsna ikkje blir følgt, kan fylkeskommunen krevje tilbakebetalt heile eller delar av tilskotet.

### Rapportering, utbetaling og kontroll

#### Rapportering

- Innan 1. mars kvart år skal fylkeskommunen ha rapport om bruken av midlane i dei regionale etablerarfonda. Rapporteringa skal vera basert på tilsendt mal, og attestert av godkjent rekneskapsførar eller revisor
- Tildeling av tilskot frå regionale etablerarfond skal registrerast i RF-13.50.
- Årleg statistikkrappoort til Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) skal sendast gjennom RF-13.50. Frist for innsending av rapport er 1. februar.
- I tillegg skal forvaltninga av dei regionale etablerarfonda rapporterast direkte til KMD i samsvar med dei krav som til ei kvar tid blir stilt av departementet.

#### Kontroll

- Fylkeskommunen har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. Tilsegnsmottakar pliktar å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om.

- Med heimel i Stortinget sitt løvingsreglement har Riksrevisjonen rett til å kontrollera at tilskottet blir nytta etter føresetnadene.

#### *Profiling*

- Tilsegnsmottakar forpliktar seg til å nemne i kvart tilsegnsbrev at ordninga med regionale etablerarfond er finansiert av Hordaland fylkeskommune.
- I medieomtale, internett og andre presentasjoner av regionalt etablerarfond må det også bli nemnt at ordninga er finansiert av Hordaland fylkeskommune.
- Hordaland fylkeskommune ønsker kopi av medieomtalar av regionalt etablerarfond.

#### **Klage/innsyn i dokumenta**

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De mottar melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til **Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga v/næringsseksjonen, Postboks 7900, 5020 Bergen**.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for desse tilsegna er Hans Inge Gloppen, telefon 97 41 40 40, e-post: [hans.inge.gloppen@hfk.no](mailto:hans.inge.gloppen@hfk.no)

Fylkeskommunen ønsker Dykk lukke til med forvaltninga av det regionale etablerarfondet i 2017.

Bård Sandal  
direktør regional utvikling

Jostein Farestveit  
Fung. næringssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg: Krav til søknader og prioriteringskriterier